

## Vedtekter for Fyresdal barnehage

### 1. Eigar- og driftsforhold

Fyresdal kommune eig og driv Fyresdal barnehage. Hovudutvalet for kultur, oppvekst og omsorg er ansvarleg for forvaltninga og godkjenning av vedtektene. Barnehagen er administrativt knytt til oppvekstkontoret.

### 2. Godkjenning

Hovudutvalet for kultur, oppvekst og omsorg er vald som organ for godkjenning av barnehagar i Fyresdal kommune.

### 3. Grunnlag for barnehagedrifta ( barnehagens føremål)

Den kommunale barnehagen vert driven i samsvar med "Lov om barnehagar", fastsette føresegner, retningslinjer frå Kunnskapsdepartementet og kommunale vedtak. Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval i samsvar med "Lov om barnehagar."

### 4. Samarbeidsutvalet

Samarbeidsutvalet i Fyresdal kommune er felles for skule, barnehage og kulturskulen. Samarbeidsutvalet er samansett slik: 3 foreldre frå FAU (ein frå kvart steg), 2 foreldre frå FAU-barnehage, 1 frå tilsette i kulturskulen, 1 representant frå lærarane, 1 frå andre tilsette ved skulen, 2 tilsette frå barnehagen, rektor og 1 politisk oppnemnd og 2 frå elevrådet.

### 5. Foreldreråd

Barnehageloven kapittel 2, § 4: *" For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutval. Foreldrerådet består av foreldrene/de foresatte til alle barna og skal fremme deres felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø."* For Fyresdal barnehage er det ein representant frå kvar avdeling (5 personar).

### 6. Retten til barnehageplass

Barnehagelova § 12a

*Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.*

*Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.*

*Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen."*

---

Adresse:	Telefon:	Telefaks/e-post:	Bankgiro	Føretaksnummer:
3870 FYRESDAL	35 06 71 00	35 04 12 03/ postmottak@fyresdal.kommune.no	2694.07.00689	939 772 766

## 7. Fylgjande barn prioriterast ved opptak

- Barn med nedsett funksjonsevne.
- Barn av einslege forsyttarar.
- Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenstenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd.
- Barn som skal byrje på skulen neste år.

## 8. Oppseiing av plassen

Plass i barnehagen må seiast opp med ein månads skriftleg varsel. Plassen må betalast i oppseiingstida. For barn som skal byrje på skulen, kan foreldra sei opp plassen i barnehagen når skulen sluttar i juni. Foreldra som skal ha barna sine i barnehagen neste barnehageår, kan i regelen ikkje sei opp plassen bare for sommarferien.

## 9. Oppstarting

Den som har fått plass i barnehagen må ta plassen i bruk innan ein månad etter tildeling av plass. Ved etteropptak – seinast ein månad etter at melding er motteken. Dersom det skulle oppstå tilhøve i heimen eller med barnet som opptaksutvalet finn tungtvegande, kan utvalet etter søknad gjera unntak frå denne regelen.

## 10. Planleggingsdagar

Personalet i barnehagen har avsett 5 planleggingsdagar i året. Planleggingsdagane i skulen blir sett opp slik at dei fleste fell på same dagar. Barnehagen er stengt på planleggingsdagane. Planleggingsdagane vert sendt til foreldra i god tid før nytt barnehageår startar opp.

## 11. Betaling

Fyresdal kommunestyre fastset foreldrebetaling. Foreldrebetalinga skal betalast til økonomiavdelinga i Fyresdal kommune. Foreldre/føresette som får tildela plass for sitt barn i hovudopptaket, må betale full plassbetaling for heile månaden. Ein betalar for 9 t. pr. dag, etter talet på dagar i 11 månader, utifrå gjeldande betalingsmodell. Utgifter til kost er avhengig av opphald.

Oppstarting etter 15.08. frå venteliste, blir frå det tidspunktet barnet får tildela plass. Dersom plassen ikkje er betalt innan fristen, blir det sendt purring på betalinga. Ikkje innbetalt plassbetaling kan føre til at plassen blir oppsagd.

## 12. Barnehagetilbodet

- Barnehagen har 2,3,4 og 5 dagars tilbod.
- Barnehagen er open : Kl. 07.00 – 16.30.
- Personalet har fem planleggingsdagar pr.år. På desse dagane er barnehagen stengt.
- Avdelingane er stengde laurdag, søndag, helge- og høgtidsdagar- irekna jole- og nyttårsaftan. Dagane mellom jol og nyttår skal barnehagen haldast open dersom det er behov for det. Slikt behov må foreldra melde til barnehagen i god tid og seinast innan 1.desember kvart år.
- Barnehagen held ope onsdag før skjærtorsdag til kl. 12.00

---

<i>Adresse:</i>	<i>Telefon:</i>	<i>Telefaks/e-post:</i>	<i>Bankgiro</i>	<i>Føretaksnummer:</i>
3870 FYRESDAL	35 06 71 00	35 04 12 03/ postmottak@fyresdal.kommune.no	2694.07.00689	939 772 766

Planen er revidert og vedteken i KOO 02.02.2011

- Barnehageåret er frå 15. aug. – 14.aug. Barna må ha 4 veker ferie i løpet av barnehageåret. Minst 3 av desse vekene skal vere samanhengande i perioden 15.06 – 15. 08.
- Barnet må ha fylt eitt år før det kan få plass i barnehagen. I heilt særskilte høve kan opptaksutvalet vike frå denne regelen.
- Arealutnytting: 4m<sup>2</sup> for barn over tre år og 5,3m<sup>2</sup> for barn under 3 år.

### 13. Opptak

Opptak av barn skjer administrativt. Opptaksansvarlege er: Helsesystem, nav(sosial), avdelingsleiar i barnehagen og sakshandsamar frå oppvekstkontoret. Avdelingsleiar i barnehagen innstiller til opptak. Formannskapet er klageinstans.

### 14. Etteropptak

Opptak til plass som vert ledig i løpet av året blir handsama av avdelingsleiar i barnehagen og sakshandsamar frå oppvekstkontoret.

### 15. Prioritering ved opptak

Det kan søkast om plass for alle barn busette i kommunen. Dersom det er plass, kan opptak av barn frå andre kommunar bli vurdert.

Barnehageplassar for opptak til hausten, blir lyste ut kvar vår. Opptaket blir gjort samla ein gong i året. Søknadsfrist 15. mars. Foreldre/føresette som søker om barnehageplass i løpet av året vil få plass om det er ledig. Avdelingsleiar i barnehagen avgjer når dei får plass.

Søknad på fastsett skjema. Søkarar som ikkje får plass, blir sette på venteliste. Søknader som kjem inn etter søknadsfrist, vert handsama saman med dei som står på venteliste. Eventuelle endringar av tilbodet for barn som allereie har plass, blir avklarte før 15. mars. 1-2 plassar haldast opne til 15. juli slik at akutt trengande raskt kan få sine barn inn i barnehagen. Tildelt plass må bli bruka i alle fall 50% pr. mnd. for at ein skal behalde han. Dette gjeld ved ugrunna fråvere.

---

<i>Adresse:</i>	<i>Telefon:</i>	<i>Telefaks/e-post:</i>	<i>Bankgiro</i>	<i>Føretaksnummer:</i>
3870 FYRESDAL	35 06 71 00	35 04 12 03/ postmottak@fyresdal.kommune.no	2694.07.00689	939 772 766

Planen er revidert og vedteken i KOO 02.02.2011